



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2184 - 19/26952

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
09.09.2019

## Foreløpig svar på søknad om bustad - gbnr 137/657 Alver

Tiltak: bustad  
Byggjestad: Gbnr: 137/657  
Tiltakshavar: Stig-Thomas Hindenes og Hilde Hansen  
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.07.2019 og saka har saksnummer 19/2184.

### Forstøtningsmur

Det går fram av søknad at det skal etablerast mur mot vegen og vidare som skal følgje tilkomstvegen inn på eigedommen. Mur er opplyst til å vere om lag 4,5 meter og vere synleg mellom kote 49 til om lag kote 53,5. Vi ser at dette er ei krevjande eigedom å bygga ut og at det vil vere naudsynt med forstøtningsmur for å mellomanna tilfredstille krav til uteopphaldsareal.

Samstundes er dette ei eigedom som er godt synleg både langs vegen og frå sjø og det er difor naudsynt å dempe muren. Vi rår til at denne muren etablerast i etappar opp mot utearealet, tilsvarende det ein ser døme på i område. Det går fram av søknad at eigedommen er prosjektert med eit uteopphaldsareal på om lag 317 m<sup>2</sup>, slik at det skal vere mogeleg å redusere dette og framleis møte minstekravet på 200 m<sup>2</sup>.

Vi ber om at mur vert endra til terrassert mur og at det sendast inn nye terrengprofiler der dette er synleggjort og målsatt.

Frist for innsending av nye terrengprofiler er satt til **30.09.2019**.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert



ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesaksforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Seim Bygg AS

Stig-Thomas Hindenes og Hilde  
Hansen

Nesbrekka 28

Stølsmarka 10

5912

5911

SEIM

ALVERSUND